

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Møtereferat

Møte: Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde (nr. 1-2020)

Dato: 14. oktober 2020

Stad: Ålesund sjukehus, biblioteket på kreftavdelinga

Møtetid: kl. 10.00 - 14.00

Til stades:

Frå Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde:

Giske kommune ved saksbehandlar tildelingskontor Silje Jensen-Skare

Fjord kommune ved kommunalsjef for helse og omsorg Kjetil Heggem

Sula kommune ved rådgivar Astrid Engetrøen

Sykylven kommune ved rådgivar Margit Aure Overå

Ålesund kommune ved rådgiver Velferd og Sysselsetting/overordna leiing Birte Vegsund

(nestleiar/fungerande leiar LSU)

HMR – ved klinikksjef Klinikk Ålesund sjukehus Elisabeth Siebke

HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for Avdeling for tverrfaglig spesialisert rusbehandling

Kari Nesseth

HMR – Ålesund sjukehus seksjonsleder Klinikk for kreftbehandling og rehabilitering Hanne Elde

Brukarutvalet ved Inger Nossen Sandvik

Andre:

Spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF

Seksjonsleiar Jo Volle i Helse Møre og Romsdal HF (sak 6/2020)

Pårørandekoordinator/rådgivar pårørande Merete Brungot Kløvning, Fagstab helse og velferd i

Ålesund kommune (sak 7/2020)

Forfall:

Giske kommune ved kommunalsjef Lene Bjørlo Overå

Stranda kommune ved einingsleiar for rehabilitering og habilitering Lill Gullbekkhei

HMR – Ålesund sjukehus ved seksjonsleder avdeling for barn og unge Inger Ann Berge

HMR – Ålesund sjukehus ved praksiskonsulent Sindre Klokk

Møteleiar:

Ålesund kommune ved rådgiver Velferd og Sysselsetting/overordna leiing Birte Vegsund

(nestleiar/fungerande leiar LSU)

Referent: Rådgivar Vegard Austnes i Sunnmøre Regionråd

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Sak 1/2020: **Velkommen til møte i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde.**
Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt. Ved nestleiar/fungerande leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Birte Vegsund

Leiar ønskte velkommen til møtet. Det var ein presentasjonsrunde. Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sak 2/2020: **Godkjenning av referat frå forrige møte nr. 2-2019 (23.10.2019)**

Ved nestleiar/fungerande leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Birte Vegsund

Referatet frå førre møte vart godkjend.

Sak 3/2020: **Kva skjer i helseføretaket og i kommunane?**

Innlegg ved spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF og ved rådgiver Velferd og Sysselsetting/overordna leiing Birte Vegsund i Ålesund kommune

Tyrholm viste til at ny samarbeidsstruktur med helsefellesskap vil medføre tettare samarbeid på fleire arenaer og nivå mellom helseføretaket og kommunane, samt større grad av brukarinvolvering på systemnivå. Vidare orienterte Tyrholm om det digitale skiftet som er under utforming og som vil endre arbeidsmåten på mange områder, t.d. elektronisk rekvirering av Covid-19 prøver og oppfølging av pasientar i form av videokonsultasjonar. Tyrholm foreslo å invitere innovasjonsrådgjevar i HMR Christer Jensen til neste møte i utvalet for dialog om utvikling og innspel til samarbeidsområder. Tyrholm sin presentasjon følgjer vedlagd.

Vegsund presenterte m.a. Ålesund kommune si organisering og fokusområder. Kommunalområda Helse og omsorg, Velferd og sysselsetting og Barn, familie og integrering har felles fagstab. Ein er oppteken av kulturbygging i ny kommune og samarbeid på tvers. Fokusområder er m.a. rekrutteringsutfordringar både innan barn/familie og institusjonar/heimetenester, måltid og ernæring og auke i akutte saker der det er behov for avlasting eller barnebustad. Det vart også orientert om kommunen sitt arbeid si samband med Covid-19, m.a. drift av tilleggsfunksjonar. Vegsund sin presentasjon følgjer vedlagd.

Sak 4/2020: **Manglande epikrise og/eller medisin ved utskrivning frå sjukehus**

Ved saksbehandlar tildelingskontor i Giske kommune Silje Jensen-Skare

Giske kommune har sendt tilbakemelding til HMR om at kommunen ofte opplever at brukarar vert utskrivne utan at epikrise og/eller at ikkje all medisin blir sendt med ved utskrivning. Det er blitt sendt fleire avvik til HMR om dette, men likevel gjentar

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

det seg. I verste fall må pasienten returnere til sjukehuset.

LSU Ålesund sjukehusområde tok saka til etterretning.

Sak 5/2020: Høyring revidert samhandlingsavtale

Ved spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF

Samhandlingsavtalen har til formål å konkretisere oppgåve og ansvarsfordelinga mellom kommunen og helseføretaket, og skal bidra til at pasientar og brukarar mottek eit heilskapleg tilbod om helse og omsorgstenester. Utkast til revidert samhandlingsavtale er på høyring med høyringsfrist 26. oktober 2020. Informasjon om høyringa finn ein [her](#).

Tyrholm presenterte m.a. evaluering av noverande samhandlingsavtale, mandatet for revisjonen, forhandlingsutvalet, revidert avtalestruktur, endring i avtalen om utskrivingsklare pasientar og revidert samarbeidssstruktur.

Det er forslag om å etablere eit samarbeidssekretariat (fellessressurs) mellom kommunane og helseføretaket der samhandlingssjef og samhandlingsrådgivar frå helseføretaket, representant utpeikt av kvart av regionråda, praksiskonsulent og eventuelt kontaktperson frå KS deltek.

På møtet vart det tatt opp om kommunar som nyttar Ålesund sjukehus, men som ikkje er med i LSU Ålesund sjukehusområde, burde delta i dette utvalet.

Frå Ålesund kommune var det forslag om at kommunen kunne stille med ein kommuneoverlege i LSU i tillegg til kommunen sin representant.

LSU Ålesund sjukehusområde kjem tilbake til saka på neste møte.

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Sak 6/2020: Ivaretaking av mindreårige etterlatne – eit samarbeid mellom HMR HF og kommunane. Ved pårørande koordinator/rådgivar pårørande Merete Brungot Kløvning, Fagstab helse og velferd i Ålesund kommune

Ansvaret for ivaretaking av mindreårige etterlatne går fram av Helsepersonelloven § 10b. Det har vore sorgstøttegrupper knytt til Ålesund sjukehus i 20 år, men det manglar eigarskap og forankring.

Saka har vore opp i Overordna samhandlingsutval (OSU – sak 05/2020), som har rådd til at vert blir etablert eit partssamansett prosjekt som ser nærmare på korleis ein organiserer dette arbeidet.

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Prosjektet foreslår dagsamling og gruppесamlingar etter modell frå seksjon sorgstøtte på Ahus. Dagsamling skal vere med utgangspunkt i nedsalgfeltet til lokale sjukehus ein gong i året – dvs. at det blir 4 slike samlingar i fylket per år. Gruppесamling skal vere fleire samlingar for mindre grupper. Den største kostnaden er til personale.

Det var forslag om ei samarbeidskontrakt mellom HMR og kommunane, organisatorisk eigarskap plassert hos koordinator for dei barneansvarlege i HMR og operativt ansvar med ein hovudansvarleg knytt til området for kvart lokalsjukhus.

Prosjektet hadde følgjande forslag til vedtak i LSU:
«Lokalt samhandlingsutval støttar skissa til arbeidsgruppa og stiller seg positiv til tiltaka som vert tilrådd.

LSU Ålesund utnemner ei partsamansatt gruppe som lager ei skisse til neste LSU møte på korleis tiltaka kan organiserast og gjennomførast i vårt LSU område. Inkludert i skissa skal det vere konkretisert korleis tiltaka skal vere forankra i samarbeidspartane.

På neste LSU møte skal skissa leggast fram til eventuell godkjenning.»

LSU Ålesund sjukehusområde kjem tilbake til saka på neste møte.

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Sak 7/2020: Sluttrapport transport psykisk sjuke

Ved seksjonsleiar Jo Volle i Helse Møre og Romsdal HF

I OSU-sak 11/2020 bad Overordna samhandlingsutval om at rådgjevar Jo Volle i HMR vert invitert til dei lokale samhandlingsutvala for å sjå på forbetringsområder knytt til transport av psykisk sjuke.

SINTEF har laga ein rapport om dette, der ein har sett på over 30 000 hendingar i perioden 2014-2018.

Det er eit stort volum av innleggingar som kunne vore vurdert annleis. Eit av hovudfunna er at dei fleste hendingar med oppdrag og psykisk sjuke skjer utanom dagtid, dvs. på tidspunkt der fastlege eller kommunale tenester ikkje er tilgjengelege. Kapasiteten i spesialisthelsetenestene er også redusert på kveld og natt og gjennom helgedagane.

Hyppige brukarar er kjenneteikna ved at dei ikkje har koordinerte tenester. Staten sine tiltak er individuell plan og kontaktlege. Det må arbeidast med tiltak for å kunne møte pasientane før transport.

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Det vart nemnt at samhandlingsavtalen burde ha vore meir presis på dette området og at nokon må ha halde samhandlinga levande.

Presentasjonen følgjer vedlagd.

LSU Ålesund sjukehusområde ber fagutvalet for psykisk helse og rus om å engasjere seg i saka.

Sak 8/2020: Val av leiar i LSU Ålesund sjukehusområde

Ved nestleiar/fungerande leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Birte Vegsund

På førre møte (2-2019) vart det vedteke at Bjarte Jensen held fram som leiar fram til første møtet i 2020, og at Birte Vegsund er nestleiar for same periode. Bjarte Jensen har sidan sluttat i stillinga som sjukehuskoordinator og gått ut av LSU Ålesund sjukehusområde. Nestleiar Birte Vegsund har fungert som leiar. Birte Vegsund går no ut av LSU Ålesund sjukehusområde. Kommunalsjef helse og omsorg Synnøve V. Synnes vert ny representant frå Ålesund kommune i staden for Birte Vegsund.

Det vart drøfta på kva nivå i eigen organisasjon kommunane burde vere representert i LSU. Det har vore ei utvikling i retning av at fleire kommunar er representert ved kommunalsjef.

Vedtak: Klinikksjef Klinikk Ålesund sjukehus Elisabeth Siebke vert ny leiar av LSU Ålesund sjukehusområde. Kommunalsjef helse og omsorg i Ålesund kommune Synnøve V. Synnes vert spurt om å verte ny nestleiar. Utvalet vert å kome tilbake til val av ny nestleiar på neste møte.

Sak 9/2020: Vidare møteplan 2020 – møteplan for 2021

Ved leiar av Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Neste møte vert 17. februar 2021 kl. 10.00-14.00. På dette møtet vert det teke stilling til vidare møteplan for 2021.

Det kom forslag om å ikkje ha så lange møter (dvs. 4 timer) framover.

Sak 10/2020: Brukerrepresentasjon i LSU Ålesund sjukehusområde

Ved rådgiver Velferd og Sysselsetting/overordna leiing Birte Vegsund i Ålesund kommune

Birte Vegsund orienterte om at Ålesund kommune frå neste møte vil stille med ein brukerrepresentant i utvalet.

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Sak 11/2020: Presentasjon av filmen «Kva er viktig for Daniel?».

Ved spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF

Filmen skal gi meir innsikt i korleis ein snakkar med pasienten rundt temaet: «Kva er viktig for deg?» Filmen finn ein på helse-mr.no.

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Sak 12/2020: Statistikk over bruk av ØHD i 2019

Ved spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF

I OSU-sak 11-2020 bad Overordna samhandlingsutval dei lokale samhandlingsutvala sjå på tiltak for å auke bruken av ØHD/KAD-tilboda.

Statistikk viser at talet på utskrivingsklare pasientar går ned frå 2015 til 2019. Nokre enkeltpasientar vert liggjande lenge på sjukehus. Pasientar over 80 år vert hyppigast innlagt i sjukehus. Bruk av palliativ plan kan redusere talet på innleggingar. Det skal vere plan for neste behandlingsnivå slik at ein unngår flytting fram og tilbake.

Reinnleggingar blant dei eldste over 80 år i 2019 varierer mellom 9-31% frå kommune til kommune. Kvifor er det så store variasjonar? Det vart nemnt at sjukehusa blir brukt ulikt i kommunane og at demografi og geografi har betydning for tala. Det er interessant å sjå på ulik praksis og årsakssamanhangar.

Beleggsprosenten når det gjeld ØHD/KAD i 2018 viser store variasjonar. Kva skuldast dette? Det vart sagt at kommunar som brukar ØHD/KAD lite må ta opp dette med legane. ØHD/KAD vert positivt vurdert av pasientane og ein slepp innlegging.

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Sak 13/2020: Palliativ plan

Ved spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF

I OSU-sak 13-2020 bad Overordna samhandlingsutval om at palliativ plan blir diskutert og følgt opp i dei lokale samhandlingsutvala.

Palliativ skal brukast i høve til eldre multisjuke pasientar. Det handlar om å integrere heilheitsperspektiv i sjukdomsforløp.

Det finst ei eiga nettside: www.helse-mr.no/palliativplan. Palliativ plan skal ligge i journalen under kritisk informasjon. Å opprette planen er eit kommunalt ansvar. Det er viktig med palliativ plan for langtidspasientar i institusjon.

Frå Ålesund sjukehus vart det teke opp at kommunane ikkje sender palliativ plan.

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Sak 14/2020: **Oppsummering av møtet. Vidare arbeid i LSU Ålesund sjukehusområde**
Ved rådgiver Velferd og Sysselsetting/overordna leiing Birte Vegsund i Ålesund kommune

Møteleiar Birte Vegsund takka for møtet og takka for seg i LSU Ålesund sjukehusområde.